


16
UKE

UNDERSVISINGS- RETTLEIAR

SEX & POLITIKK



SEX OG POLITIKKS UNDERVISNINGSRETTLEIAR

1 INTRODUKSJON

Dette er ein rettleiar til undervisningsmateriellet «Veke 16: Seksuell helse og medborgarskap» (heretter Veke 16). Rettleiaren består av tipsa og anbefalingane våre til korleis ein underviser om seksualitet. Målet med undervisningsmateriellet er at unge får kunnskap om og reflekterer over dei normene som påverkar dei og andre i kvardagen.

Seksualitetsundervisning er nedfelt i læreplanverket. Heilskapleg undervisning om kropp, identitet og seksualitet kan også vere eit godt tiltak for å motverke mobbing og fremme trivsel, jamfør opplæringslova. Seksualitetsundervisning er eit følsamt tema, og det kan vere meir utfordrande å undervise i samanlikna med tema som geografi eller verka til Ibsen. Vi anbefaler dykk derfor å lese gjennom denne rettleiinga før de bruker undervisningsmateriellet.

2 OM UNDERVISNINGSMATERIELLET

Materiellet består av fem filmar med oppgåver som høyrer til. Filmane viser ulike menneske som snakkar om seksualitet, normer, identitet og kjærleik. Det finst også ei oppvarmingsoppgåve om normer som vi tilrår at de begynner med dersom elevane ikkje kjenner til omgrepet. Denne oppgåva kan gjerne brukast som ei oppvarming til kvar oppgåve for å aktivere forkunnskapane som elevane har om normer.

TVERRFAGLEG UNDERVISNING OG LÆREPLANEN

Veke 16 oppfyller fleire kompetansemål knytte til dei tverrfaglege temaa *demokrati og medborgarskap* og *folkehelse og livsmeistring*. Det tverrfaglege temaet *demokrati og medborgarskap* omfattar det at «elevane skal få kunnskapar og ferdigheiter til å møte utfordringar i tråd med demokratiske prinsipp». Ved å bruke Veke 16 vil elevane jobbe mot ferdigheiter som normkritisk tenking, lære seg å handtere meiningsbrytningar og respektere usemje. Seksualitet er ikkje berre noko vi gjer privat, men noko som også heng saman med kultur og samfunn. Å praktisere

medborgarskap er relasjonelt, fordi vi gjer det saman med andre medborgarar.

Demokrati og medborgarskap er eit tverrfagleg tema, og dette undervisningsmateriellet fungerer godt til tverrfagleg arbeid. Materiellet er knytt til kompetansemål i blant anna samfunnskunnskap, norsk og KRLE. Det kan brukast i tverrfagleg arbeid i alle fag, og kan enkelt tilpassast ulike programfag.

3 GRUNNLEGGJANDE PRINSIPP

Materiellet baserer seg på tre grunnleggjande prinsipp som du kan lese meir om her:

- Det **NORMKRITISKE**: At materiellet er normkritisk, betyr at det stiller seg kritisk til dei eksisterande normene. Det å øve seg i å tenkje normkritisk blir ein del av det å styrkje medborgarskapen sin. Å vere normkritisk betyr blant anna at vi legg til grunn at det finst mange forskjellige måtar å vere jente, gut, begge eller ingen av delane på. Vi vil vise at seksualiteten er mangfaldig, og at dette er positivt. Ved å vere normkritiske kan vi potensielt frigjere oss frå normer som er reduserande og diskriminerande, og bli friare til å leve som vi vil.
- Det **POSITIVE**. Positiv seksualitetsundervisning betyr at ein tar utgangspunkt i at seksualiteten for mange er ein positiv del av livet. Tradisjonell seksualitetsundervisning har hatt ein tendens til å fokusere på å unngå sjukdom og graviditet, og i mindre grad har lagt vekt på det som faktisk dekkjer seksualiteten til dei fleste: det positive. Følelsane, intimiteten, nytinga og nysgjerrigheita.
- **UNGE SOM KOMPETENTE AKTØRAR**. Seksualiteten er kulturelt bunden på den måten at han heile tida utviklar seg i takt med samfunnet rundt. Materiellet tar utgangspunkt i at unge er ekspertar i sine egne liv. Formålet med oppgåvene er først og fremst å leggje til rette for refleksjon og dialog. Vidare er formålet også at unge skal utvikle og styrkje sjølvstendet sitt i møte med samfunnet.



4 TIPS FOR EI TRYGG UNDERVISNING

For at seksualitetsundervisninga skal kjennast trygg og vere lærerik, er det viktig å skape gode rammer for undervisninga. Under kan du lese nokre av dei beste tipsa våre for å få til dette.

Trygg seksualitetsundervisning startar med eit trygt læringsrom. Eit trygt læringsrom er eit rom der elevane opplever tillit til kvarandre, stiller spørsmål og reflekterer i fellesskap. Vi må leggje opp undervisninga slik at synspunkta til elevane blir respekterte, samtidig som vi ikkje aksepterer mobbande eller diskriminerande utsegnar. Ei slik utsegn kan fungere som eit høve til å undersøkje kvar desse tankane, ideane og haldningane kjem frå, og kva vi kan gjere for unngå at dei blir uttrykte. Dette kan for eksempel vere nedlatande eller fordomsfulle kommentarar om kjønn, etnisitet, religion, seksualitet, kropp eller identitet.

Dersom ein elev uttrykker rasistiske haldningar, må det gjerast tydeleg at det er nettopp det dei er: rasistiske. Vi må sjå dei for det dei er, både for at den som har uttrykt dei, skal lære av dei, men også for mottakaren. Det er ikkje «berre» dårleg oppførsel, men ein spesifikk oppførsel som påverkar på ein spesifikk måte. Vi kan gjere dette og samtidig beskytte avsendaren av budskapet ved for eksempel å fokusere på at *utsegna* er rasistisk, men ikkje at *personen* er rasistisk. Dersom det kjem hatefulle ytringar i klasserommet, er det oppgåva di som undervisar å gjere det tydeleg at det er imot reglane for klassen, men det kan vere ein god idé å snakke med eleven på tomannshand etterpå for å forklare kvifor.

Ifølgje opplæringslova har vi som undervisarar i skolen plikt til å ta ekstra ansvar overfor elevar som er særleg sårbare med tanke på for eksempel seksuell orientering, kjønnsuttrykk eller funksjonsevne.

A SOSIALE AVTALAR

Eit forslag er å setje av tid til å etablere «det trygge rommet», og lage nokre sosiale avtalar i fellesskap. Her er forslaga våre til sosiale avtalar:

- Vi rekker opp handa når vi skal seie noko.
- Vi bruker *aldri* oss sjølve eller andre som eksempel, men snakkar generelt.
- Vi snakkar ikkje stygt om kvarandre eller andre utanfor klassen.
- Vi ler ikkje av spørsmåla og kommentarane andre kjem med.
- Vi respekterer kvarandre – også når vi er usamde.
- Dersom nokon opplever undervisninga som vanskeleg, er det lov til å forlate rommet.

B LAG EI ORDLISTE

Ein annen måte å sørge for det trygge rommet på er å bli samde om kva for ord ein skal bruke i undervisninga. Dette kan også gjerast i fellesskap med elevane – skal vi seie penis, utovertiss, underliv eller noko heilt anna? Seier vi sex, pule, ligge med kvarandre eller elske? Vi kan gjere nokre av orda mindre flaue og farlege ved å bestemme vokabularet før vi går inn til undervisninga, eller ved å avklare dei saman med elevane i fellesskap.

Når det dukkar opp ord elevane ikkje forstår, sørg for å skrive dei opp på tavla, og ta deg tid til å snakke om ordet. Det er vanskeleg å reflektere over sosiale dilemma eller etiske spørsmål dersom ein ikkje er helt sikker på kva eit ord betyr.

C INFORMASJON PÅ FØREHAND

Somme elevar kan oppleve seksualitetsundervisninga som utrygg eller vanskeleg. Dette kan kome av at dei er usikre på kva undervisninga handlar om, og kva som kjem til å skje i timen. Vi kan minimere denne usikkerheita ved å forklare tydeleg kva som skal skje, kva temaet blir, og kva for forventingar vi har til korleis elevane skal delta. Vi seier også alltid frå på førehand dersom vi skal vise nakne kroppar eller snakke om vanskelege tema, for eksempel overgrep.



GODE PUNKT Å HA I BAKHOVUDET FØR DU GÅR INN I TIMEN

A INKLUDERANDE UNDERVISNING

Det er oppgåva vår å undervise om seksualitet, utan å anta noko om seksualiteten til elevane. Vi skal heller ikkje tenkje at éin måte å utøve seksualitet på er rettare enn ein annan. Vi som er undervisarar, må snakke med eit ope og inkluderande språk, slik at seksualitetsundervisinga kjennest relevant for alle, og ikkje bare for majoriteten. Eit enkelt, men verknadsfullt grep her er å bruke formuleringa «dei av oss» – for eksempel ved å seie «dei av oss som er trans» i staden for «dei som er trans». Det er også viktig å hugse at dei av oss som ønskjer å vente med å ha sex, for eksempel på grunn av religion, aseksualitet eller helseutfordringar, også har ein seksualitet, og dei har like mykje rett til kunnskap om sex og seksualitet som andre elevar.

Fordommar er noko vi alle ber rundt på – derfor er det viktig å reflektere over korleis vi omtaler grupper vi sjølve ikkje høyrer til. Bruk aldri elevar i klassen som eksempel, og unngå å be elevar som høyrer til minoritetsgrupper, om å forklare kulturen sin, religionen sin, seksualiteten sin eller kjønnet sitt.

B Å KUNNE SEIE UNNSKYLD

Det er ikkje alltid intensjonane våre som undervisarar samsvarer med det elevane oppfatar. Dersom det oppstår misforståingar, er det viktig å ta eit steg tilbake og vere open om det. Dersom vi dummar oss ut, er det ok å seie «der tok eg feil», eller «det var feil formulert». Ver merksam på at elevane kan lære deg nye ting.

Denne typen undervisning er utvikla på ein måte som oppfordrar til felles utforsking av eit komplekst emne, der undervisaren og elevane reflekterer saman. Det er ikkje meininga at undervisaren skal sitje med fasiten.

C DET PEDAGOGISKE VED DET UBEHAGELEGE OG DEI VANSKELEGE DISKUSJONANE

Som undervisarar kan vi frykte at det oppstår betente situasjonar i klasserommet når vi skal undervise i tema som enkelte opplever som særleg sårbare. Vi ønskjer som regel å unngå det ubehagelege og fjerne oss frå det dersom det dukkar opp. Dersom vi heller undersøker ubehaget når det melder seg, kan vi får ei djupare forståing for eigne og andre sine perspektiv. Målet blir dermed ikkje å unngå ubehaget, men å lære seg å navigere i det. Ein måte å stå i ubehaget på er å anerkjenne at det er der: «No merkar eg at vi snakkar om noko som vekker kjensler hos mange her. Dette kan vere ubehageleg, men lat oss prøve å vere litt i det og undersøkje perspektiva til kvarandre.»

Det er likevel ikkje alltid det gir meining å ta ein diskusjon i plenum. Elevane har ulike utgangspunkt for diskusjon, då dei har ulike refleksjonsnivå, førehandskunnskap, fagleg nivå og emosjonell modenheit. Dersom ein diskusjon sporar av, er det viktig å vere merksam på det og runde av diskusjonen. Det kan gjerast på følgjande måtar:

- No trur eg denne diskusjonen sporar litt av, kva om vi går tilbake til dette spørsmålet?
- Eg minner om reglane (sosiale avtalar). Vi skal følgje desse reglane, og eg ser no at vi ikkje gjer det. (Hugs å bruke «vi» og ikkje «de».)
- Hugs å anerkjenne at dette er tematikk som det kan vere vanskeleg å diskutere.

D SAMARBEID MELLOM SKULE OG HEIM

Det kan vere lurt å informere dei føresette om når elevane skal ha seksualitetsundervisning. Dei føresette vil kanskje oppleve at barna deira kjem heim med spørsmål dei ikkje alltid veit svaret på, og i desse tilfella er det heilt ok å seie å seie at ein ikkje veit. Dersom dei føresette er skeptiske til seksualitetsundervisinga, kan det vere ein idé å vise til læreplanen og få i gang ein samtale om kvifor det er viktig for unge å ha seksualitetsundervisning på skulen.¹ På uke6.no ligg det også informasjonsskriv til føresette som de kan bruke.

1 <https://en.unesco.org/news/why-comprehensive-sexuality-education-important>



5 RELIGION

Veke 16 har oppgåver som gjer at det kan oppstå diskusjonar om religion. Somme undervisarar synest det er utrygt å stå i ein diskusjon om ein religion dei kanskje ikkje kjenner til. Det er ikkje nødvendig at du som undervisar må setje seg inn i religiøse tekstar for å kunne ha tenlege diskusjonar, så lenge du har kunnskap nok til å sørge for at diskusjonen er lærerik og ikkje fordømmende. Her er det viktig å hugse på at oppfatningane av religion er individuelle. Det er også viktig å hugse på mangfaldet i religiøs tilhøyrslse. Innanfor for eksempel islam er det stor variasjon i korleis religionen blir forstått og praktisert. Det er likevel viktig å vere merksam på korleis religionane blir

misforstått, og på forenkla, stereotype førestillingar. Eit eksempel på ei slik førestilling er at religiøse meiner onani er ei synd. Dette kan vere spesielt viktig for elevar som høyrer til ein religiøs minoritet. For denne elevgruppa er det viktig at klasserommet ikkje blir endå ein stad der dei føler dei må forsvare religionen sin.

Dersom det oppstår diskusjonar i klasserommet, er det viktig å la elevane forstå at det ikkje er éi gruppe som eig sanninga. Oppgåva til undervisaren er å styre diskusjonen, og å nytte høvet til å lære om korleis ein har ein respektfull dialog der ein lyttar til kvarandre og dei ulike meiningane.